

04/2771-167

SAMLAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 04/01234-001166/05

Saksbeh.: Einar Hauge

Arkivkode: 020

Saksnr.:	Utval	Møtedato
0013/05	Formannskap/ plan og økonomi	20.01.2005

SAMLAKS - STERKARE REGIONAR - HØYRING AV DISTRIKT... SI
UTGREIING

Innstilling:

Administrasjonen si innstilling:

- 1 Voss kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen si tilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for fylkeskommunen.

Formannskap/ plan og økonomi den 20.01.2005 sak 0013/05

Behandling i møte:

Administrasjonen si innstilling vart vedteken med 8 mot 1 røyst..

Vedtak:

- 1 Voss kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen si tilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for fylkeskommunen.

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

Dok:

* NOU 2004:19 samandraget

* brev fra KRD 14.10.04 Høring på Distriktskommisjonens utredning

* brev m/ vedlegg fra KS 25.10.05

KOU 2004:1 Sterke regioner- forslag til ny regioninndeling –kortversjon, er tidlegare tilsendt alle kommunestyret sine medlemer

3. SAMANDRAG AV SAKA:

Distriktskommisjonen vart sett ned av Regjeringa i februar i 2003. Mandatet vart å gå igjennom alle sider ved distrikts- og regionalpolitikken, og gjere framlegg om endringar i innretting og verkemiddelbruk. Kommisjonen sitt arbeid ligg føre som NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner, og er no til høyring.

Utgreiinga vart sendt med to ulike høyringsfristar, 14. oktober 2005 for tema som er knytt til framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/regionalisering. For andre tema i utgreiinga vart høyringsfrist sett til 14. januar 2005.

Hovudmålet for distriktspolitikken slik den fremkommer i kommisjonen sitt arbeide har vore å:

- Legge til rette for at folk får moglegheit til å skape ei framtid i distrikta
- Stimulere til tilflytting til distrikta
- Gje innbyggjarane oppleving av tryggleik for likeverdige velferdstilbod
- Utløyse meir vekst i distrikta

For å sikre dette må politikken ha eit regionalt perspektiv, som går ut over den einskilde kommune, og vere tilpassa føresetnader og behov i den einskilde region.

Heile kommisjonen tilrår fire hovudstrategiar:

- Politikk for å møte endring
- Vekt på den breie politikken
- Desentralisering av makt til folkevalde organer
- Utnytte handlingsrommet i den smale distriktspolitikken

Vidare at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for sektorpolitikken og å fastsetje distrikts- og regionalpolitiske målsettingar knytt til dei ulike politikkområda.

Fleirtalet i kommisjonen meiner det er behov for desentralisering av makt til både kommune- og regionnivå. Mellom anna ønskjer dei eit langt sterkare regionalt nivå enn dagens fylkeskommunar, og meiner at dette må skje gjennom desentralisering av oppgåver og makt frå staten. Fleirtalet meiner regionane bør ha eit heilskapleg ansvar for regional utvikling og ta over viktige oppgåver innan infrastruktur og samferdsel, utdanning og forskning, næringsutvikling, kultur og idrett, kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning, visse oppgåver innan helse samt verkemiddel innan viktige distriktsnæringar.

Mindretalet i kommisjonen ønskjer ei avvikling av fylkeskommunen og etablering av ein ny forvaltningsstruktur med to folkevalde nivå. Først og fremst ser ein føre seg ei samanslåing av kommunar, for mellom anna å skape einskaplege forvaltningsstrukturar rundt dei naturlige arbeids-, bu og serviceregionane som har vokse fram over tid. I tillegg meiner mindretalet at ein del oppgåver må løysast på eit større regionalt nivå. Dette kan dels gjerast gjennom fleksible samarbeidsmodellar mellom kommunane, og dels ved å vidareutvikle fylkesmannsembetet eller bli erstatta med ein ny regional struktur, t.d. leia av politisk oppnemnde representantar for den sittande regjeringa ("guvernørar").

Utgreiinga inneheld også ei rekkje konkrete framlegg for å auka verdiskaping i heile landet.

Rådmannen rår til å fylgje KS sitt syn som ma. går ut på å avvikle fylkeskommunen og å etablere sterke folkevalde regioner.

Større regionar kan få større påvirkning på det nasjonale nivå. Dette kan igjen motvirke det som mange opplever som ei stadig sterkare statleg sentralisering kring hovudstaden.

Rådmannen vil elles vise til argumentasjon i KS sitt vedlagde høyringsnotat til KOU 2004:1 "Sterke regionar".